



Øyvind Hosøy
Markaneset 66
5251 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2272 - 19/36351

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2019

Endring av gitt rammeløyve - gbnr 11/84 Hølleland

Administrativt vedtak: Saknr: 734/19
Tiltakshavar: Øyvind Hosøy
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Søknad om endring av løyve til tiltak etter pbl (pbl) §§ 20-1 og 20-3

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av gitt rammeløyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad gitt i administrativt vedtak saknr. 008/18 datert 15.01.2018.

Endringa gjeld etablering av avløpsanlegg som no vert omfatta av tiltaket. Det er gitt utsleppsløyve i administrativt vedtak saknr. 363/19 datert 28.06.2019 i sak 19/1237. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til sjø.

Det vert vist til søknad mottatt 29.11.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for 2019-2031 sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Arealføremål og byggjegransar er uendra i forhold til kommuneplan 2011-2023 som gjaldt ved vedtakstidspunktet for gitt utsleppsløyve og rammeløyve.

Dispensasjonar er avklara gjennom dei gjevne løyva.

Uttale frå anna styresmakt

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har gitt uttale i skriv datert 20.11.2019. Dei skriv at dei ikkje kan sjå at tiltaket vil vera problematisk etter hamne- og farvasslova og at dei er innstilt på å fatta positivt vedtak i saka. På grunn av fiskeriinteresser i området avventar dei vurdering frå Fiskeridirektoratet før vedtak vert fatta.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla ved innsending av søknad om utsleppsløyve. Det ligg ikkje føre merknader.



Kommunen legg gjennomført nabovarsling til grunn og vil ikkje krevja ytterlegare varsling av endringssøknaden.

Plassering

Plassering av avløpsanlegget er vist i situasjonsplan datert 14.02.2019.

Tilkømt, avkjørsle og parkering

Ingen endringar i forhold til gitt løyve.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av anlegg og leidningstrase.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering av avløpsanlegg vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden. Vist infiltrasjonsgrøft skal ikkje etablerast. Oppdatert situasjonsplan må sendast inn før igangsetjingsløyve vert gitt.

Det vert lagt til grunn at omsøkt bygg som anlegget skal plasserast i har ei grunnflate på 3 x 4 meter og pulttak med maksimal gesimshøgde på 2,7 meter slik det er vist/skildra på situasjonsplanen. Endelege teikningar over bygget må liggja føre før igangsetjingsløyve vert gitt.

Det må vidare liggja føre løyve etter hamne- og farvasslova og oppdatert gjennomføringsplan før igangsetjingsløyve vert gitt.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 20-3, vert det gjeve løyve til endring av rammeløyve gitt i administrativt vedtak saknr. 008/18 datert 15.01.2018 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Avløpsanlegget skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 14.02.2019, jf. pbl. § 29-4/SAK § 6-3.
2. Vilkår som er gitt i administrativt vedtak saknr. 008/18 datert 15.01.2018 gjeld.

Før igangsetjingsløyve for avløpsanlegget vert gitt skal følgjande liggja føre:

3. Oppdatert situasjonsplan
4. Teikningar over bygget som avløpsanlegget skal plasserast i.
5. Godkjenning etter hamne- og farvasslova
6. Faktisk plassering av tiltaket skal vera målt inn, og koordinatar send kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND

Mottakarar:

Øyvind Hosøy

Markaneset 66

5251

SØREIDGREND